




NARKOTIKASTATISTIKK 1. HALVÅR 2020

Generell saksutvikling

Første halvåret sende politidistrikta inn 10 780 narkotikasaker¹ til Kripos. Det er ein nedgang på 16,7 % samanlikna med same periode i 2019.

Saksutvikling 1. halvår



Definisjonar

Ved Kripos nyttar vi desse definisjonane:

Sak:

Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Sakstalet tek ikkje omsyn til den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetjing og innførsel. Det betyr at eitt og same høve kun er registrert som ei sak ved Kripos.

Beslag:

I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på ulike stader og tidspunkt. Delpakkar med ein og same stofftype regner ein derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tid og stad.

¹ Sak: Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Talet på saker er uavhengig av den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetnad og innførsel. Det inneber at ei og same straffbare handling berre er registrert som éi sak ved Kripos.

Dei viktigaste utviklingstrekk


- Svært stor nedgang i hasjbeslag både i talet på beslag og i beslaglagd mengd
- Rekordstore mengder amfetamin og auke i talet på beslag
- Stor auke i beslag av MDMA

Den store beslagsnedgangen for hasj og den samstundes auken i amfetaminbeslag gjer at hasj har utgjort ein vesentleg mindre del og amfetamin ein vesentleg større del av beslaga no enn tidlegare. Også delen av marihuana-, kokain- og MDMA-beslag har auka.

Beslagsutvikling for dei enkelte stoffgruppene

Utviklinga i talet på beslag² og beslaglagd mengd for enkelte stoffgrupper er kommentert i tekst og vist i diagram under.

Fordeling etter tal av beslag



Tala er ikkje heilt sikre. Det er fordi om lag to tredjedelar av narkotikasakene er mindre saker som blir avgjorde med førelegg, utan at stofftypen er verifisert med analyse. Fleire beslag var heller ikkje ferdig analyserte på publiseringstidspunktet. Der vi ikkje har analysedata, er omtrentleg mengd og truleg stofftype registrert og lagd til grunn for statistikken.

Sjølv om data ikkje vil vere heilt presise, har det ingen innverknad på utviklingstrekk.

² Beslag: I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på forskjellige stader og ulike tidspunkt. Delpakningar med ein og same stofftype reknar vi derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tida og same staden.

Cannabis – svært stor nedgang både i talet på hasjbeslag og beslaglagd mengd

Første halvåret 2020 er det beslaglagt om lag 919 kg hasj, marihuana og cannabisplantar fordelt på 4 576 saker. Det er 38 % færre beslag enn i same periode i fjor. Etter at hasj gjennom fleire år har blitt beslaglagd i ein stadig større del av sakene, har det vore ei markant endring i dette biletet så langt i 2020. Talet på hasjbeslag er meir enn halvert samanlikna med 2019, og den beslaglagde mengda er berre 1/3 av det som har vore vanleg dei siste åra. Medan hasj utgjorde heile 39 % av alle narkotikabeslag i 2019, utgjer det berre 23 % i 2020. Hasjen som er på marknaden i Noreg, kjem hovudsakleg frå Marokko. Tidleg i år, allereie før koronarestriksjonane for alvor vart innførte i Europa, var det politiaksjonar mot produsentar i Marokko og smuglarruter i Gibraltarstredet og Middelhavet, der store mengder hasj blei beslaglagde. Så førte koronapandemien til stengde og sterkt overvaka grenser. Spesielt har stengde og kontrollerte grenser mellom Marokko og Spania og mellom Spania og Frankrike gjort det vanskeleg å drive med smugling. Det har påverka tilgangen på hasj over store delar av Europa, inkludert Noreg. Prisnivået har samstundes auka kraftig.³

Ein ser ikkje den same beslagsnedgangen for marihuana. Talet på beslag er om lag det same som i tidlegare år, og mengdene er noko større. Sidan det samla talet på beslag har gått ned, utgjer marihuana no ein større del av beslaga enn tidlegare.

Det er også gjort beslag av andre produkt med THC, blant anna cannabisolje (99 beslag) og godteri/kaker med THC (31 beslag). Det er beslaglagt cannabisfrø i 179 saker i 2020 mot 144 saker første halvåret 2019.

Som elles i Europa⁴ har innhaldet av verkestoffet THC auka kraftig i både hasj og marihuana dei siste åra. For hasjbeslaga der styrkegraden er fastsett, er snittet for dei siste to åra om lag 28 % THC, men ein finn store variasjonar, frå 1 til 46 %. For marihuana var den gjennomsnittlege styrkegraden i same periode på ca. 12 %, med variasjonar mellom 2 og 29 %.

Amfetamin – rekordstore mengder og auke i talet på beslag

Det er beslaglagt 334 kg amfetamin/metamfetamin fordelt på 2 809 beslag. Aldri tidlegare har ein beslaglagt større mengder amfetamin det første halvåret. Medan det samla talet på narkotikabeslag har gått ned, har talet på amfetaminbeslag auka. Beslaga av amfetamin og metamfetamin utgjer 22 % av alle beslag i 2020, mot 16 % av beslaga i 2019. Rapportar tyder på at amfetaminproduksjonen i Nederland og Belgia har vore relativt upåverka av koronapandemien, men smuglinga har vore meir risikofylt med stengde og meir kontrollerte grenser⁵.

Delen metamfetamin har stadig blitt mindre, og ein beslaglegg no nesten utelukkande amfetamin. Metamfetaminbeslaga utgjer berre rundt 3 % av talet på amfetamin-/metamfetaminbeslag og 0,6 % av mengda.

Den gjennomsnittlege styrkegraden har det siste halvanna året vore ca. 28 % for amfetamin og 25 % for metamfetamin.

3 https://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/13097/EU-Drug-Markets_Covid19-impact_final.pdf, henta 13.08.20

4 Europeisk narkotikarapport *Trender og utvikling 2019*. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2019.

5 https://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/13097/EU-Drug-Markets_Covid19-impact_final.pdf, henta 13.08.20

Kokain – utgjør ein stadig større del av narkotikabeslaga

Første halvåret er det beslaglagt om lag 32 kg kokain fordelt på 738 beslag. Talet på beslag er på same nivået som i dei to føregåande åra. Men ettersom det samla talet på beslag har gått ned, utgjør kokain dermed ein stadig større del av beslaga. Dei beslaglagde mengdene er mykje mindre enn i fjor, men på same nivået som i 2017 og 2018.

Den gjennomsnittlege styrkegraden har auka fort og mykje, frå 32 % i 2015 til 65–66 % i 2018–2019, men variasjonane er store, frå 8 % til 95 % dei siste par åra. Så langt i 2020 har den gjennomsnittlege styrkegraden vore litt lågare enn i dei to føregåande åra, men ein har førebels for få data til å kunne seie om dette er ein trend.

Heroin – små mengder

Det er berre beslaglagt 7,3 kg heroin fordelt på 330 beslag. Det er mykje mindre mengder enn i dei tre åra før, og også svært lite sett i eit tiårsperspektiv. Talet på beslag er likevel på same nivået som i dei føregåande åra.

Den gjennomsnittlege styrkegraden for heroin er 17 % hittil i år, omtrent det same som dei siste åra. Men variasjonane er store, frå 3 % til 62 % dei siste par åra. I nokre tilfelle har styrkegraden vore så høg som 50–60 %. Då er stoffet tre gonger så sterkt som normalt, og faren for overdose er dermed stor.

Opioidhaldige legemiddel – færre beslag og vesentleg mindre mengder

Det blei gjort knapt 400 beslag av opioidhaldige legemiddel, ein nedgang på 27 % samanlikna med 2019.

I 2019 blei det gjort fleire svært store tramadolbeslag, med 90 000–163 000 tablettar pr. sak. Slike store beslag har vi ikkje sett hittil i 2020, og ein har berre beslaglagt vel 9 000 tablettar så langt, mot 565 000 tablettar første halvåret i fjor.

Forutan beslag av tramadol er det hovudsakleg legemiddel med buprenorfin, metadon, oksykodon og kodein som er blitt beslaglagt.

MDMA – rekordstore mengder og tal på beslag

Første halvåret blei det gjort 756 beslag av MDMA-tablettar, pulver og krystallinsk materiale fordelt på 13,7 kg pulver/krystallinsk materiale (motsvarar ca. 77 500 tablettar med styrkegrad 150 mg) og 21 400 tablettar. For første gong har ein fleire beslag av MDMA enn av kokain.

MDMA-produkta er generelt svært reine, men det er også store variasjonar. Pulver og krystallinsk materiale har hittil i år hatt ein gjennomsnittleg styrkegrad på 92 %. Tablettane, som har ulike fargar, former og logoar, er generelt sterkare enn ved den førre MDMA-toppen tidleg på 2000-talet. Den gongen var 100 mg MDMA/tablett ganske vanleg. Hittil i 2020 har tablettane hatt eit gjennomsnitt på 181 mg MDMA/tablett, omtrent det same som i fjor. Høg og uføreseieleg styrkegrad i MDMA-produkta gjev auka risiko for overdose.

Fleire av MDMA-beslaga er postsendingar tollvesenet har beslaglagt, der stoffet er bestilt over internett, på det opne eller mørke nettet, på same måten som for NPS.

LSD – fleire beslag og større mengder

Det er beslaglagt 12 115 einingar LSD fordelt på 204 beslag. Etter ein kraftig auke i talet på LSD-beslag frå 2010 til 2016, har beslagfrekvensen felle fram til i år. Første halvåret 2020 var det 34 % fleire LSD-beslag enn i same periode i 2019, og talet på beslaglagde einingar er nesten tre gonger så høgt som det som har vore vanleg dei siste åra.

Benzodiazepinar – framleis fallande beslagsfrekvens, men litt større mengder

Det er beslaglagt 501 000 tablettar fordelt på 1 962 beslag. Nedgangen i beslagfrekvens som vi har sett dei siste åra, held fram. Samanlikna med fjoråret er det 9 % færre beslag, men det er beslaglagt større mengder enn i fjor. Klonazepamhaldige tablettar dominerer og utgjer 36 % av talet på beslag og 66 % av talet på tablettar. Resten av beslaga inneheld som oftast diazepam- og alprazolamhaldige tablettar.

GHB/GBL – uendra beslagssituasjon

Det er beslaglagt 107 liter GHB/GBL fordelt på 317 beslag. Det er om lag det same som første halvåret i 2019.

Nye psykoaktive stoff (NPS) – utgjer mindre enn 1 % av alle beslag

Kategorien NPS omfattar rusgjevande stoff, i rein form eller blandingar, som ikkje er regulerte i FN's alminnelege narkotikakonvensjon av 1961 eller FN-konvensjonen om psykotrope stoff av 1971, men som kan vere like farlege for folkehelsa som stoff som er oppførde i desse konvensjonane. Ordet «ny» tyder ikkje at gruppa berre inneheld nyutvikla stoff, for fleire NPS har eksistert i mange år, men at stoffa relativt sett er nye på marknaden jamført med meir tradisjonelle stoff, og at dei ikkje er regulerte i konvensjonane over.⁶

Etter nokre år med kraftig beslagauke har det vore ein vesentleg nedgang i NPS-beslag dei siste åra. Første halvåret var det 65 beslag, omtrent det same som i 2019. Beslaga fordeler seg på ulike stoff, med få beslag av kvar enkelt stofftype. Talet på ulike variantar har gått ned dei siste åra. Dei hyppigaste og største beslaga er av diazepinar, hovudsakleg tablettar med verkestoffet etizolam, og det psykoaktive plantematerialet kratom.

Kripos har tidlegare åtvara mot potente fentanylforbindelsar som har dukka opp i nokre beslag dei siste åra. Fentanyl er sterke opioidhaldige stoff. Legemiddelet fentanyl blir brukt ved anestesi og til behandling av sterke, kroniske smerter, medan dei andre fentanylforbindelsane som er beslaglagde i Noreg, ikkje har ein legal bruk og er illegalt produserte for rusformål.

Fentanylforbindelsane er generelt svært potente, men det er store forskjellar mellom stoffa. Medan legemiddelet fentanyl er om lag 100 gonger meir potent enn morfin, er karfentanil om lag 10 000 gonger meir potent enn morfin⁷.

Fentanyl blir som oftast beslaglagt i form av smertepaster, medan fentanylanalogane kan vere i væskeform (auge-dråpe- og nesepprayflasker), pulver, tablettar og som LSD-liknande blotterpapir. Fentanylar er årsaka til ei lang rekkje

6 https://www.unodc.org/documents/drugs/printmaterials2013/NPS_leaflet/WDC13_NPS_leaflet_EN_LORES.pdf, henta 09.08.19

7 <https://oslo-universitetssykehus.no/om-oss/nyheter/advarer-mot-stoffet-karfentanil>, henta 09.08.2019

overdosedødsfall, spesielt i USA⁸, men òg i Europa⁹. I Noreg har det òg vore fleire dødsfall knytte til bruk av fentanyl og fentanylanalogar, til tross for at det så langt har vore relativt få beslag her i landet.

Framleis ser ein nokre få fentanylbeslag, og det er framleis grunn til å åtvare mot dei. Omfanget av slike beslag er likevel lågt, og dei aukar ikkje. Så langt i år har ein hatt 8 beslag, hovudsakleg i form av fentanyl smerteplaster.


Anabole androgene steroid – attende på 2018-nivå

Første halvåret 2020 blei det gjort 559 beslag av anabole androgene steroid. Det er ein nedgang samanlikna med 2019, men det er på same nivå som i 2018.




Som i tidlegare år er det beslaglagt både tablettar, kapslar, ampullar, hetteglas og litt reinstoff. Preparat med testosteron blir oftast beslaglagt. Så følgjer trenbolon og nandrolon.

8 <https://edition.cnn.com/2018/07/12/health/fentanyl-opioid-deaths/index.html>, henta 04.08.18




9 http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/11485/20193286_TD0319444ENN_PDF.pdf, henta 09.08.19






*) Beslag med både hasj og marihuana/cannabisplanter i same sak.






*) Beslaglagd mengd pulver er rekna om til tablettar med 150 mg verkestoff. Vi har teke utgangspunkt i at pulveret har ein styrkegrad på 85 %. Pulverbeslaga er jamt over svært reint, gjennomsnittleg 92 % så langt i 2020.







*) Så langt i 2020, førebels få data.






*) Så langt i 2020, førebels få data.



*) Så langt i 2020, forebels få data.





Tal på beslag fordelt på politidistrikt første halvåret 2020

(Beslag er førte på det distriktet som etterforsker saka.)

Politidistrikt	Hasj	Marihuana	Amfetamin/ Metamf.	Kokain	Heroin	MDMA	BZD	GHB/GBL	Opioid- haldige legemiddel	Anabole steroid
Agder	210	82	259	46	7	51	182	9	36	44
Finnmark	39	5	70	5	1	12	17	2	7	9
Innlandet	147	61	152	17	13	21	81	22	16	19
Møre og Romsdal	125	53	146	18	5	43	63	24	8	13
Nordland	113	43	123	22	7	34	46	2	18	7
Oslo	607	589	433	234	169	124	321	62	63	56
Sør-Vest	229	116	312	41	7	81	267	51	35	62
Sør-Øst	367	203	348	107	28	91	249	46	48	75
Troms	97	19	77	17	7	18	32	4	13	9
Trøndelag	275	144	242	54	6	88	164	14	43	46
Vest	237	140	248	72	35	84	218	13	43	74
Øst	517	387	397	104	45	109	320	68	64	143
Andre*	5	0	2	1	0	0	2	0	2	2

*) Kripos og andre særorgan i politiet.

Beslaglagd mengde narkotika fordelt på politidistrikt første halvåret 2020

(Beslag er førte på det distriktet som etterforsker saka.)

Politidistrikt	Cannabis (kg)	Marihuana (kg)	Amfetamin/ Metanf. (kg)	Kokain (kg)	Heroin (kg)	MDMA	BZD (tablettar)	GHB/GBL (liter)	Opioid-haldige legemiddel
Agder	3,950	0,793	10,363	0,361	0,019	226 tabl. 0,288 kg	9 366	1,800	395
Finnmark	1,417	0,036	1,982	0,012	0,001	253 tabl. 0,026 kg	949	0,119	315
Innlandet	10,941	130,709	50,188	0,061	3,503	671 tabl. 0,062 kg	162 130	8,410	266
Møre og Romsdal	1,529	15,079	6,729	0,182	0,015	1 711 tabl. 0,147 kg	2 931	15,787	103
Nordland	20,459	0,523	7,212	0,298	0,046	260 tabl. 0,267 kg	1 413	0,005	255
Oslo	280,854	139,698	75,248	9,148	2,340	8 070 tabl. 8,306 kg	84 052	22,375	7 212
Sør-Vest	7,524	1,448	15,631	0,252	0,030	1 588 tabl. 0,101 kg	66 206	17,179	600
Sør-Øst	64,812	18,039	14,519	15,651	0,060	1 261 tabl. 1,210 kg	35 371	16,995	960
Troms	1,377	0,191	2,650	0,075	0,198	269 tabl. 0,036 kg	1 218	-	190
Trøndelag	21,932	4,046	8,986	0,298	0,023	786 tabl. 0,316 kg	24 669	1,730	1 231
Vest	7,991	3,567	13,279	3,880	0,711	872 tabl. 0,663 kg	15 188	3,597	932
Øst	48,333	72,994	25,265	1,776	0,370	5 462 tabl. 2,260 kg	96 602	19,433	6 408
Andre*	60,697	0	102,760	0	0	0	639	0	12

*) Kripos og andre særorgan i politiet.